

Sykehuskirken, preste- og samtaletjenesten

KIRKEN er for tiden under ombygging!

Midlertidig kirkerom er Søsterhjemmets kapell som ligger helt sør i 1. etg. i det gamle sykehusbygget.

Det er vanligvis gudstjeneste med nattverd hver søndag kl. 11:00, men kapellet er midlertidig stengt for gudstjenestebruk grunnet smittevern hensyn. Dersom du ønsker nattverd på rommet, kan du si fra til personalet som formidler beskjed til presten.

SAMTALER OG SJELESORG

Sykehusprestens viktigste oppgave er å være tilgjengelig for deg og dine pårørende for dialog og samtalestøtte i din aktuelle livssituasjon. Stort eller lite spiller ingen rolle, å være innlagt på sykehus kan av forskjellige årsaker utløse behov for samtale og refleksjon.

Presten har taushetsplikt. Vi formidler også kontakt med prest / samtalepartner fra andre tros- og livssynssamfunn.

På Haraldsplass er vi tre prester som er tilgjengelig alle dager fra 0800 - 1800. Om ønskelig kan pleiepersonalet formidle kontakt, eller du kan ringe prestens vakttelefon som er angitt nedenfor.

SØNDAGSHILSEN PÅ NETT

Søndagshilsen ligger også ute på sykehusets internettsider under «Prestetjeneste».



Haraldsplass
Diakonale sykehus

i Vil du ha mer informasjon eller trenger du å snakke med oss?

 Tlf: 922 07 527

 www.haraldsplass.no
Søk :prestetjenester

Søndagshelsing

29. august 2021

14. søndag i treeiningstida
VINGARDSSØNDAG

Tema:

«Fordi du fortjener det?»



Pixabay.com

Det er for tiden ikke gudstjenester i sykehuskirken på Haraldsplass! Du finner gudstjenester og andre livssynsprogram på www.kirken.no

14. søndag i treeiningstida

Preiketekst: Lukas 17,7-10

7 Om ein av dykk har ein tenar som er ute og pløyer eller gjeter, seier han då til tenaren når han kjem heim frå marka: 'Kom no og set deg til bords?' 8 Nei, han vil seia: 'Lag til kveldsmat, bind opp kjortelen og stå til teneste for meg medan eg et og drikk. Sidan kan du sjølv få deg mat.' 9 Takkar han tenaren for at han gjorde det han var pålagd? 10 På same måten er det med dykk: Når de har gjort alt de var pålagde, skal de seia: 'Vi er unyttige tenarar og har berre gjort det vi var skuldige å gjera.'»



Pixabay.com

«Fordi du fortjener det?»

Kva er det som motiverer oss til å gjere gode gjerningar? Kva er drivkrafta vår? Gjer vi godt fordi vi bare er gode; usjølviske og altruistiske menneske, eller gjer vi godt fordi vi vil oppnå noko? Er det fordi vi vil ha heider og ære, takk og positiv omtale eller kanskje høgare lønn? Eller kanskje er det lønna i himmelen som triggar?

Tanken om forteneste gjennomsyrrar kulturen vår, som i reklamen «fordi du fortjener det». På Jesu tid var forteneste heller ikkje ein ukjent tanke. Men Jesus snur opp ned på mange inngrodde førestillingar og brukte eksempel frå dagleglivet for å illustrere poenga sine. Slik også i dette tilfellet. Jesus punkterer her tanken om lønn for gode handlingar. Alle handlingar i det gode si teneste, små og store, er sjølvsegte gjerningar, ingen skal kunne rose seg av noko.

For vi menneske har ingenting som ikkje er gitt oss av Gud. Kjærleiken si gåve er rettferdig; gitt oss alle av bare nåde. Kjærleiken kan ikkje fortenast. For ingenting har vi fått det, for ingenting skal vi gi det vidare. «Gjev som gåve det de fekk som gåve» står det i Matt 10,8b. Så kan vi kanskje seie det slik:

«Livet er Guds gåve til deg. Kva du gjer med livet, er di gåve til Gud». (Ukjent)

God søndag!

**Kristin Løvdøen Hope,
sjukehusprest**